

# H O R D A L A N D !

1.

Noreg göymt under blåis låg, lik ei forsigla grav !

Berre ei strime av land ein såg ute mot Vesterhav - !

Soli glittra i tind og fonn ! brotsjø storma mot strand - 4'

Storbreen gret under tidartonn, og nakte vårt Hordaland !

2.

Væpna med beinöks, bøge, pil, ferdast ein landnåmnsmann - ,  
maken hans fyljer - attantil - . Her dei sin heimstadd fann - !

Bunde til Noreg ved Haralds hand, Eidsvoll og Karlstad ,

skreiv du med blodet, Hordaland, fornyleg vårt sogeblad.

3.

Folket byggjer på tuftom traust ! Vinden leikar i skog !

Fiskaren steller med båt og naust ! Bonden med hest og plog..!

Sjömann på havbåra sval og fri - ! Björgvín med ~~Tyske~~ sin hall - !

Heimane byggjest - frå tid til tid - i hundra, ja, tusundtal !

4.

Heim til Noreg, vårt Hordaland ! Det er vår framtidsegg!

Samhaldstanken gjev broderhand, trufast og indarleg !

Klårsyn leide di arbeidsmakt under vårt norske flag !

Herren må vera di grensevakt, og trygga din framtidsdag !

Johs. M. L. Rydland.